


# RADØY KOMMUNE



## PLAN FOR SAMARBEID HEIM - SKULE

## Utvikling av eit godt skule – heim samarbeid i Radøyskulen

Skulen har det faglege og pedagogiske ansvaret i opplæringa, og skal jobbe med elevane si utvikling av fagleg, sosial og kulturell kompetanse.

Føresette er oppteken av at borna deira trivst, lærer og utviklar seg på skulen, og alle føresette har ei sentral rolle i borna si læring og utvikling. Dei haldningane dei føresette signaliserer til borna om skulen og læring har avgjerande påverknad på borna sin motivasjon og læringsutbytte.

For å kunne utvikle eit godt lærings- og oppvekstmiljø i Radøyskulen, er det heilt naudsynt at heim og skule har eit felles utgangspunkt for samarbeidet. Med dette meiner ein at alle partar har same forståing og innsikt i kva ein skal leggje vekt på og kva ein skal forvente av dei ulike samarbeidspartane = felles plattform for samarbeid.

Samarbeidet mellom heim og skule skal sikre at både eleven og skulen sine oppgåver og utviklingsoppgåver vert ivaretatt. I tillegg skal ein jobbe mot at den einskilde elev skal få realisert sitt potensiale for læring, mestring og utvikling, og samstundes oppleve å vere trygg og inkludert. Skal ein nå eit slikt mål, må heim og skule ha eit samarbeid bygd på gjensidig respekt, tillit og toleranse. Ein må og sikre at dei føresette har reell medverknad, og ein må ta felles forpliktande avgjersler.

Samarbeid heim – skule er eit gjensidig ansvar, men det er skulen som skal ta initiativ til og leggje til rette for samarbeidet. Heim og skule har gjensidige rettar og plikter, som må avklarast og uttalast. Eit godt samspel er avhengig av at begge partar kommuniserer tydeleg, slik at forventningar til kvarandre vert avklart og ikkje mistydingar oppstår. Det er skulen sitt ansvar å gje dei føresette naudsynt informasjon om skulen sine oppgåver, planar og mål, slik at dei føresette kan vere reelle medspelarar.

Dialog og systematisk arbeid er nøkkelen for å få til eit godt skule – heim samarbeid. Eit grunnleggjande prinsipp i planen er at ein ser på dei føresette som aktive og medansvarlege deltakarar, og ikkje passive mottakarar. Denne planen skal vere eit hjelpemiddel og fundament for å få til dette arbeidet. Planen skal vise både grunnleggjande forventningar og rutinar i skule – heim samarbeidet.

Dokumentet er utarbeidd i samarbeid med skulane på Radøy våren 2014, og skal vere styrande for skule – heim samarbeidet frå og med hausten 2014. Planen vil bli evaluert i 2017, samstundes med utviklingsplanen for Radøyskulen. Små justeringar kan gjerast i samband med start av nytt skuleår, og skulane kan gjere små individuelle tilpassingar lokalt.

Jo Tømmerbakke, Kommunalsjef oppvekst

## **Gjensidige forventningar**

Det vil bli utarbeidd forventningar til dei ulike partane i skulekvardagen. Målet er å ha desse klare til nytt skuleår hausten 2014:

- Forventningar til skulen
- Forventningar til heimen
- Forventningar til eleven

## **Foreldrekontaktar – oppgåver og rolle**

- Kvart trinn skal ha minst to foreldrekontaktar, som skal veljast på foreldremøte om våren.
- Ein av desse skal vere medlem i FAU.
- Foreldrekontaktane skal planleggje foreldremøta i lag med kontaktlærar.
- Foreldrekontaktane skal gå gjennom årsplanar og lærestoff saman med lærarane for neste halvår, og peike på informasjonsbehovet til foreldra/føresette.

- Alle medlemmane i FAU har eit ansvar for å melde inn saker til leiar/skrivar i forkant av kvart møte.

## **Skulemiljøutvalet(SMU)**

Skulemiljøutvalet skal arbeide for å auke deltakinga frå elevane, foreldra, skolen og dei tilsette i arbeidet med skulemiljøet. Elevar og foreldre skal vere i fleirtal i utvalet. Utvalet skal gi råd til skulen i arbeidet med skulemiljøet, men har ikkje rett til å gjere bindande vedtak. Skulemiljøutvalet kan òg be skulen setje inn tiltak for å betre det fysiske og det psykososiale miljøet på skulen. Alle grunnskular har plikt til å ha eit skulemiljøutval. Hensikta med utvalet er å sikre at skulen arbeider systematisk med skulemiljøet.

I skulemiljøutvalet skal elevane, foreldrerådet, dei tilsette, skuleleiinga og kommunen(politisk representant) vere representerte. Skulemiljøutvalet skal vere samansett slik at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal(opplæringslova § 11-1a).

Skulemiljøutvalet bør leggje møteplan for eit halvår om gangen, i starten på kvart semester.

## **Samarbeidsutvalet (SU)**

Fleire skular vel å bruke samarbeidsutvalet som delar av skulemiljøutvalet. Det er mogleg, men i SU er ikkje elevar og foreldre i fleirtal. Derfor må det oppnemnast fleire representantar frå desse gruppene i skulemiljøutvalet. Møta i SU og møta i skulemiljøutvalet bør vere klart åtskilde, og dei skal til dømes ha separate referat. De kan velje å leggje møta i skulemiljøutvalet rett før eller etter møta i SU. Det kan og vere lurt å tidfeste desse møta nær FAU møta. SU bør leggje møteplan for eit halvår om gangen, i starten på kvart semester. SU skal velje leiar, nestleiar og skrivar. Det er vanleg at rektor er skrivar.

SU er det øvste samarbeidsorganet i skulen, og er heimla i opplæringslova § 11-1. I same paragraf står det kven som skal vere med i SU:

- To representantar for undervisningspersonalet
- Ein representant for andre tilsette
- Skal veljast av og blant alle tilsette, ikkje av organisasjonane
- To representantar for foreldrerådet
- FAU vel to representantar til samarbeidsutvalet; FAU-leiaren skal vere den eine av dei to. Det skal òg veljast to personlege vararepresentantar til samarbeids- utvalet.
- To representantar for elevane frå elevrådet. Ein føresetnad er at elevrepresentantane skal representere alle elevane på skulen. (Kravet om elevråd gjeld ikkje for 1.–4. klasse.) Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades under saker som er omfatta av teieplikt etter lov og forskrifter.
- To representantar for kommunen. Den eine representanten for kommunen skal vere rektor. Den andre er vanlegvis politisk vald(same som i SMU).

I lova står det at samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen.

Døme på slike saker:

- Planarbeidet til skulen, til dømes verksemds- og utviklingsplanar
- Skulens mål og visjon
- Kvalitetsutvikling og skulevurdering